



Mona med mikrofonen på heimebane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Radiojournalist Mona Vetthus (34) frå Uskedalen er på heimebane med mikrofonen denne helga.

Resultatet av eit intervju med 10-åringen Karsten Andre Haugland som prøver fiskelukka ytterst i båthamna kan ein truleg høyra onsdag til veka - i programmet Popkorn på den kommersielle kanal Radio Norge (101,8)



Eit andeintervju var det første som vart unnagjort. Karsten Andre Haugland trivdes i rolla. (Foto: Ola Matti Mathisen)

uskedalen.no var fluge på moloen under starten på opptaket, som var eit spontanintervju med eit stokkandpar. Til stades var også mora til Karsten Andre, Magnhild Haugland.

Ho og Mona har vore bestevenninner i alle år og beklagar at dei ser kvarandre altfor sjeldan etterat Mona har flaksa avgarde på det som vi i gamle dagar kalla eterens vinger. Dei starta som nabojenter på Haugland. No er Mona programleiar for barnetimen i Radio Norge, som blir sendt mellom klokka sju og åtte om kvelden frå måndag til torsdag og mellom 7 og 8 om morgonen laurdag og søndag.

Ho har vore å høyra i denne kanalen i to månader. Før det laga ho i halvanna år kulturstoff i P2 og barnetime i NRK. Men det var i Sogn og Fjordane radiolivet til Mona starta - i Nynorsk Mediesenter.

- Men det er berre få år sidan, du flakkar mykje omkring...

- Eg synest det er gøy, eg har hatt lyst til å prøva litt av kvart før eg satsar på noko fast. No er eg på veg attende til P2 der eg skal laga eit sprudlande og levande diktprogram, kalla Diktafon. Eg er svært glad i litteratur, og no gledar eg meg til å starte i P2 att.

Eg likar ikkje harde nyhende og konfliktstoff, det er ikkje min stil. Eg likar betre å leika meg.

Jau, eg har flakka mykje, men eg har hatt svært mykje gøy på vegen.

Og er det ikkje vegen som eigentleg er målet?

- Der slår lyrikaren igjennom, når kjem debutsamlinga?

- Eg har ikkje anna svar enn at eg håpar det blir relativt snart.

Av Ola Matti Mathisen